



**KVITeseID KOMMUNE**

**HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT**  
**2017**  
**ØKONOMIPLAN**  
**2018 - 2020**

**Kommunestyret sitt vedtak 15.12.2016**



*Utsikt frå Venlifjell – foto Elisabeth Lid*

## INNHALD



.....	4
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. HANDLINGSPROGRAM 2017 .....</b>	<b>6</b>
2.1 FOKUSOMRÅDE SAMFUNNSUTVIKLING .....	6
2.1.1 Folketalsutvikling .....	7
2.1.2 Overordna planlegging .....	8
2.1.3 Samfunnstryggleik og beredskap .....	8
2.2 FOKUSOMRÅDE ØKONOMI .....	9
2.3 FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDAR 2017 .....	10
2.3.1 Medarbeidarar .....	10
2.3.2 Omstilling .....	10
2.3.3 Lærlingar .....	10
2.3.4 HMS - Internkontroll .....	10
2.3.5 Nærvær på arbeidsplassen .....	11
2.3.6 Program og målkategori for 2017 pr. eining: .....	11
2.4 INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....	12
2.4.1 Tenestesamarbeidet .....	12
<b>3. BUDSJETT 2017 – ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 .....</b>	<b>13</b>
3.1 TEKNISKE FØRESETNADER .....	13
3.2 DET GENERELLE INNTEKTSGRUNNLAGET .....	13
3.3 KONSEKVENJUSTERT BUDSJETT .....	14
3.4 INVESTERINGSBUDSJETTET .....	14
3.4.1 Investeringar i 2017 - 2020 jfr. økonomiplanen .....	15
3.5 DRIFTSBUDSJETTET .....	16

<b>4. POLITIKK.....</b>	<b>17</b>
4.1 POLITISK VERKSEMD .....	17
4.2 RÅDMANN OG FELLESTENESTER.....	19
<b>5. SKULE OG BARNEHAGE.....</b>	<b>20</b>
5.1 STATUS OG UTFORDRINGAR I BARNEHAGE .....	20
5.2 STATUS OG UTFORDRINGAR I SKULEN .....	20
5.2.1 Grunnskulen .....	20
5.2.2 Kulturskulen .....	21
5.2.3 Vaksenopplæring .....	21
5.3 FELLES HANDLINGSPLAN 2017 – 2020: .....	21
5.4 BUDSJETTILTAK.....	22
<b>6. HELSE OG OMSORG .....</b>	<b>23</b>
6.1 HANDLINGSPLAN FOR EININGANE .....	23
6.1.1 Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O: .....	23
6.1.2 Hovudmål og tiltak for helsetenestene: .....	24
6.1.3 Hovudmål og tiltak KOS .....	24
6.1.4 Hovudmål og tiltak heimetenestene: .....	25
6.1.5 Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:.....	25
6.1.6 Hovudmål og tiltak kjøken: .....	25
6.2 BUDSJETTILTAK.....	26
<b>7. SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT .....</b>	<b>27</b>
7.1 SAMFUNNSUTVIKLING .....	27
7.2 KULTUR OG FRIVILLIGSENTRAL.....	28
7.3 TEKNISK DRIFT .....	29
7.4 INTERKOMMUNALT LANDBRUKSKONTOR .....	30
<b>8. INTERKOMMUNALE EININGAR OG NAV.....</b>	<b>32</b>
8.1 NAV .....	32
8.2 INTERKOMMUNALT PLANKONTOR .....	33
8.3 BARNEVERN .....	34
<b>9. KYRKJA .....</b>	<b>37</b>
<b>10. KOMMUNALE AVGIFTER OG BRUKARBETALING .....</b>	<b>38</b>
10.1 GEBYR PÅ VAR-OMRÅDET .....	38
10.2 ANDRE AVGIFTER OG BRUKARBETALINGAR.....	43
<b>11. FOND OG GJELD .....</b>	<b>44</b>
<b>12. STILLINGAR.....</b>	<b>44</b>
<b>13. KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK .....</b>	<b>46</b>
<b>14. VEDLEGG .....</b>	<b>46</b>





Kanalrittet 2013 – Foto Gina Aabø Nyland

## 1. Innleiing

### Rådmannen si innleiing

Frå 2010 til 2014 var det vekst og utbygging av tenestetilbodet i kviteseid, arbeidet med budsjettet for 2015 og 2016 har i hovudsak dreia seg om å stogge kostnadsveksten og justere driftsnivå inn på ein meir berekraftig kurs.

Budsjettarbeidet for 2017 vidarefører dette arbeidet. Bortsett frå mindre justeringar, er trenden framleis nedgang i stillingar, der staten ikkje finansierer utvidingane. Positivt er det å sjå at vi no kan få på plass ein frivilligsentral med ei fast 50% stilling. Eg har tru på at denne kan gje eit løft både for innbyggjarane, og for dei som legg ned mange timar i frivillig arbeid.

Det låge investeringsnivået dei siste åra har vore naudsynte, men og uheldig for framtidig utvikling. I neste økonomiplanperiode er det sett av meir til investeringar. Nokon av desse vil gje auka utgifter, men nokon kan og føre til reduserte utgifter på sikt. I 2016 såg ny Brygge i Kviteseid sentrum dagens lys. Saman med stor aktivitet rundt bryggeområdet, opplevde vi ein auka tilstrauming av turistar. I tillegg har mange av Kviteseid sine innbyggjarar hatt glede av området.

Av dei store økonomiske løfta i budsjettet for neste periode er 8 nye omsorgsbustader. Dette vil gje dei med behov for tilrettelagte bustader eit godt tilbod. Det vil og vere med på å gjere arbeidskvardagen for dei tilsette i heimetenesta meir givande. Det er sett av 16. millionar til opprusting av Kviteseid skule i 2018. Arbeidet vil gjere skulen betre tilpassa dagens krav. For å finansiere denne oppgraderinga, foreslår eg å legge ned skulen i Brunkeberg frå sommaren 2019.

Vi veit det ligg store utfordringar framfor kommunen i året som kjem. Det vart inga kommunereform for Kviteseid sin del, men utfordringane knytt til effektivisering er like store. Det vert jobba med å finne alternativ for meir forpliktande samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark. Eit arbeid som er svært utfordrande, spesielt med tanke på lokalisering av arbeidsplassar.

Kviteseid kommune har så langt tatt imot 12 flyktningar. Kommunen har forplikta seg til å ta imot totalt 40 flyktningar i løpet av perioden 2016-2019. I første omgang skal dei lære seg det norske språket, og få ein forståing for det norske samfunnet. På litt lenger sikt er den viktigaste jobben vi gjer å sikre at dei får seg arbeid, og dermed kan bidra til velferdssamfunnet på same måte som du og eg.

*Kviteseid 09.11.2016*

*Øystein Tveit*  
rådmann

## 2. Handlingsprogram 2017

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einskilte lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal planstrategi som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeide ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Vidare seier lova følgjande: ”*Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*”

Sjølv om me ikkje har ein kommuneplan som legg opp til dette, så er det likevel naturleg at budsjettet og økonomiplan også inneheld eit handlingsprogram som har tett samanheng med budsjettet, men som også set opp mål som ikkje så direkte er knytt opp til konkrete prioriteringar i budsjett. Programmet er bygd opp av eit overordna handlingsprogram som gjeld heile den kommunale verksemda og handlingsplanar for dei ulike tenestene.

### 2.1 Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom plan- og bygningslova har kommunen fått eit særleg ansvar for å ”*sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnsmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses.*”

Slik skal handlingsprogrammet ikkje bare femne mål for den kommunale verksemda, men mål for den samla utviklinga av lokalsamfunnet. Eit fundamentalt grunnlag for eit livskraftig lokalsamfunnet er at tilhøva er slik at folk ynskjer å bu her. Kviteseid kommune har over tid hatt reduksjon i folketalet. Arbeidet for å snu denne utviklinga er viktig men krevjande. Det er derfor lagt inn eit mål om å stabilisere folketalet over tid. I fyrste omgang er det ikkje noko ambisiøst mål, men ut frå alderssamansetninga i kommunen krev dette ganske stor tilflytting. Slik sett synest dette som ei nøktern og realistisk målsetjing.

#### **Overordna mål:**

*Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn med gode kommunale tenester.*

#### **Resultatmål:**

*Starte arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.*

*Stabilt folketal over tid.*

## 2.1.1 Folketalsutvikling

Ein av kommunen sine viktigaste oppgåver i tillegg til tenesteproduksjon, er å samordne sektorane si planlegging med sikte på å utvikle lokalsamfunnet. Ein grunnleggjande premis for all langsiktig planlegging av den kommunale verksemda er utviklinga av innbyggjartalet i kommunen.

Aldersgruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2030
0-5 år	137	136	121	118	118	114	122
6-15 år	276	273	246	236	230	229	218
16-19 år	117	120	118	125	121	116	93
20-66 år	1501	1496	1488	1488	1491	1467	1352
67-79 år	296	294	312	322	321	352	446
80 eller eldre	170	175	163	158	155	162	205
<b>SUM</b>	<b>2497</b>	<b>2494</b>	<b>2448</b>	<b>2447</b>	<b>2436</b>	<b>2440</b>	<b>2436</b>

Tabell 1: Prognose folketalsutvikling

Tabell 1 viser SSB si framskriving av folketalsutviklinga i Kviteseid basert på *middels nasjonal vekst*. Det er verdt å merke seg at den reelle folketalsutviklinga dei siste åra har vore svakare enn føresetnadane som denne prognosemodellen byggjer på. 2016 tal fram til 2030 er henta frå en ny SSB prognose laga juni 2016. Legg merke til den markante oppgangen i 2030 for gruppa 67-80+ (særleg 80+) og tilsvarande nedgang for gruppa 20-66 år.

År	Total 1.1	Fødde	Døde	Netto	Innflytting	Utflytting	Netto Flytting	Folke-tilvekst	Total Pr 31.12.
2011	2501	23	36	-13	126	115	11	-3	2 498
2012	2498	21	27	-6	133	116	17	9	2 507
2013	2507	20	35	-15	133	157	-24	-39	2 468
2014	2468	18	28	-10	105	97	8	-2	2 466
2015	2466	15	38	-23	120	115	5	-18	2 448
2016	2448	11	15	-4	57	61	-4	-8	2 440

Tabell 2: Endringar i folketal 2011 - 2016 (2016 =fyrste halvår)

Tabell 2 viser reell utvikling siste åra. Med den samansetninga av folketalet som me har med relativt mange eldre og få i den alder som får barn, vil stabilisering av folketalet vera krevjande. Me ser i tabell 2 at me stadig har hatt netto fødselsunderskot, og at det er netto innflytting som eventuelt er det som kan føre til stabilisering eller vekst i folketalet. Når ein samtidig ser aldersgruppe utvikling i tabell 1 er det tydelig at trenden mest sannsynlig forsterkast.

Dei statlege overføringane til kommunen er styrt av kostnadsnøkkelen og folketalsutviklinga. Derfor er det slik at med den store folketalsveksten som Norge har, så må Kviteseid vekse i same takt som landet elles for at me relativt sett skal få vekst i overføringane. Under dei gjevne føresetnadane for folketalsutvikling og struktur, så er det påreknleg at overføringane relativt sett vil bli mindre i åra framover.

## 2.1.2 Overordna planlegging

Korleis Kviteseid skal møte desse store utfordringane knytt til folketalsutvikling, er eit viktig strategisk spørsmål for heile den kommunale verksemda. Godt planverk er eit viktig verktøy for å ta eit samla grep om dei utfordringar kommunen står overfor. På denne bakgrunn og på bakgrunn av alle dei ulike planane som kommunen skal utarbeide, er kommunen pålagt å lage ein kommunal planstrategi. Planstrategien er eit overordna strategisk dokument som skal ta utgangspunkt i dei utfordringar kommunen står overfor og peike ut kva for eksisterande planar som skal utarbeidast.

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen vart starta opp i 2012, men planen vart ikkje ferdigstilt. Det er eit mål å ferdigstille denne planen våren 2017.

Her må folkehelseperspektivet bli eit av fleire viktige tema slik at alle kommunale einingar tar dette opp i seg framover.

Nedanfor er dei viktigaste hovudgrepa innan planlegging skissert.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Utarbeide planar i tråd med vedteken planstrategi</i>	<i>Vedtekne planar i tråd med strategien.</i>
<i>Ferdigstille samfunnsdelen til kommuneplanen</i>	<i>Plan vedteken 2017</i>
<i>Rullere arealdelen til kommuneplanen</i>	<i>Planarbeid starta august 2017</i>

## 2.1.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen leverar sentrale tenester på svært mange område til innbyggjarane. Heile lokalsamfunnet vårt er avhengig av at den kommunale verksemda går sin gang uavhengig av uhell som skuldast teknisk svikt, menneskeskapte hendingar eller naturkatastrofar. Det er derfor viktig at kommunen har eit planverk som tek høgde for at slike hendingar kan oppstå.

**Mål:** *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Opplæring i Cim</i>	<i>Alle kommunalt tilsette på kommunehuset må kjenne og kunne bruke CIM</i>
<i>Større beredskapsøving</i>	<i>Gjennomføre</i>



Multisport 2013



## 2.2 Fokusområde Økonomi

Etter eit krevjande arbeid for å tilpasse den kommunale drifta til dei inntektene som kommunen rår over, vedtok kommunestyret å fråvike ei rad med mål som skulle vera retningsgjevande for budsjettarbeidet.

Budsjett for 2014 la ikkje opp til å følgje nokon av desse måla.

Budsjettet for 2015 og 2016 klarar heller ikkje alle desse måla, men har ein intensjon om at i løpet økonomiplanperioden skal ein nå dei 3 første måla.

I budsjettet for 2017 klarer ein heller ikkje å nå desse måla. Budsjettet netto driftsresultat ligg på 1,31% i 2017, 1,52% i 2018, 1,18% i 2019 og 1,30% i 2020.

Det er ikkje sett av nokon buffer i budsjettet. Dette gjeld heile økonomiplanperioden.

Rådmannen har i staden vald å auke overføringane frå drift til kapital med 300.000,-.

Sjølvkostgraden er 100%.

Faktisk lånegjeld aukar som følgje av investering i omsorgsbustader og store investeringar på Kviteseid skule.

<i>Økonomiske mål / mål for budsjettarbeidet</i>	<i>Resultatindikator</i>
<i>Budsjetta skal vera reelle og peike mot ein berekraftig kommune på lang sikt.</i>	<i>Netto driftsresultat &gt;2,4 %</i>
<i>Årsbudsjettet skal innehalde ein udisponert buffer.</i>	<i>Buffer = 1 mill kr</i>
<i>Dei kommunale avgiftene skal over tid liggje slik at dei gjev full dekningsgrad i høve til utgiftene.</i>	<i>Sjølvkostgrad tilnærma lik 100 %.</i>
<i>Gjelda ved utløpet av denne kommunestyreperioden skal ikkje vere over 100 mill 2006-kroner.</i>	<i>Faktisk lånegjeld</i>
<i>Rapportering av tiltak i handlingsprogrammet saman med tertialrapportane</i>	<i>Rapport om framdrift av tiltak i handlingsprogrammet saman med tertialrapportane.</i>

Ut frå driftsnivået klarar ein ikkje på kort sikt å oppnå netto driftsresultat >2,4%. Når ein likevel vel å halde på måla, er det fordi det er sett i gang eit arbeid med å redusere drifta i kommunen.

Når det gjeld dei kommunale avgiftene har me tilnærma full dekningsgrad slik det var lagt opp til.

Gjeldsnivået er ikkje vurdert like viktig som dei 3 andre økonomiske måla. Med dei investeringane som ligg inne i budsjettet vil lånegjelda auke ut over det som er økonomisk mål.

I tillegg til dei økonomiske måla ligg det inne ei føring at utlysing av stillingar som ikkje går inn i stillingar som direkte handlar om liv og helse, skal vurderast av ADMU og formannskapet.

## **2.3 Fokusområde medarbeidar 2017**

### **2.3.1 Medarbeidarar**

Medarbeidarkapittelet skildrar kommunen som arbeidsgjevar. Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi handlar om våre verdiar: respekt, profesjonalitet og evne til nyskaping.

Arbeidsgjevarstrategi er dei verdiar haldningar og verkemiddel som kommunen brukar i samhandling med dei tilsette for å nå dei mål som er sett for den kommunale verksemda.

Overordna mål for Kviteseid kommune er effektive tenester av høg kvalitet.

Hovudprinsipp i arbeidsgjevarstrategien:

- Arbeidsgjevarstrategien byggjer på eit positivt menneskesyn og hovudprinsippa om eit inkluderande arbeidslive (IA-avtala)
- Samhandling skal pregast av ein open og ryddig dialog bygd på gjensidig tillit, respekt og lojalitet
- Medarbeidarane har høve til medverknad på eigen arbeidssituasjon
- Ansvar og oppgåvefordeling mellom politikarar, leiarar og medarbeidarar skal vera tydeleg

### **2.3.2 Omstilling**

Kommunen ønskjer å ha sterkare fokus på organisasjonsstruktur og organisasjonskultur for å kunne møte framtidige utfordringar. Evne og kraft til omstilling både på individ- og systemnivå må styrkast for å oppnå ønskt effekt. Serviceinnstilling og innbyggjarorientering skal prege organisasjonen.

### **2.3.3 Lærlingar**

Kommunen har som ambisjon å tilby ein målretta lærlingordning som medverkar til at lærlingar får fullført utdanning.

### **2.3.4 HMS - Internkontroll**

Det er eit kontinuerleg mål å arbeide strukturert med HMS når det gjeld mål, rapportering og oppfølging.

HMS-måla må være tydelege i den einskilde eining og vera godt kjend for alle medarbeidarar som arbeider der, både fast tilsette og vikarar. HMS må vera på dagsorden på personalmøte. Det er den einskilde leiar som har ansvaret for at tiltak vert gjennomført. Einingane rapporterer på måla i tertialrapporter og årsmelding.

AMU representantane si rolle skal vera tydeleg gjennom utarbeiding av oppdaterte mål og retningsliner. Gjennom dette blir AMU ein viktig arena for arbeid med nærvær og helsefremjande arbeidsplassutvikling.

Det er forventingar om at medarbeidarar på alle nivå melder frå om HMS avvik og at leiarar handterer, følgjer opp og lukkar avvik. Heile organisasjonen må få ei lik forståing for dette.

I 2017 skal det på plass eit internkontrollsystem for informasjonstryggleik, dvs. ei oversikt over personalopplysingar som kommunen handsamar, grunnlag for handsaming og risikovurdering for dette. Det er venta strengare krav frametter, det er difor viktig å få på plass gode prosedyrar.

### 2.3.5 Nærvær på arbeidsplassen

Kviteseid kommune sitt mål på nærvær er 94 % ved utgangen av 2017.

Det skal vera fokus på nærvær og helsefremjande arbeidsplassutvikling. Det er viktig for å realisere kommunen sin arbeidsgjevpolitik og dei verdiar den legg vekt på.

Eit av måla er å auke kompetanse og fokus i organisasjonen på helsefremjande leiing og utvikling av helsefremjande arbeidsplassar. Helsefremjande leiing handlar om menneske, om å motivere, inspirere og å leggja til rette for å nå resultat saman. Leiing tyder å handtere menneske og om korleis vi ser på arbeidsoppgåvene våre og kvarandre. Leiaropplæringa i kommunen må ha som mål å sette leiarar på alle nivå i stand til å meistre oppgåvene sine. Opplæringa skal og ha fokus på å fremja helse og førebyggje helseproblem relatert til arbeidet eller arbeidsmiljøet.

Det vil bli sett ekstra fokus på einingar/avdelingar i heile kommunen som har utfordringar med høgt sjukefråvær eller der ein i periodar har auka fråvær. Desse vil bli følgd opp.

Leiarar må ta «Den nødvendige samtala» for å vidareutvikle ein kultur der arbeidsmiljøet og auka kvalitet på tenestene er i fokus.

### 2.3.6 Program og målindikator for 2017 pr. eining:

Mål	Tiltak	Ansvar
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre medarbeidersamtaler med dei fast tilsette i kvar eining, minst 50 % av dei tilsette kvart år	Leiar med personalansvar på kvart nivå (einingsleiar /kommunalsjef/ økonomisjef, personalsjef, rådmann)
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med rutine i HMS-systemet. Redusere det totale sjukefråværet frå 2016	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå). Ved behov saman med personalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå)
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre min. 2 personalmøte pr. år	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av handlingsplan IA	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Verneombod utan grunnkurs i HMS, skal gjennomføre dette	Leiar med personalansvar på kvart nivå

Systematisk HMS-arbeid	Vernerundar og oppfølging av ev. avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå og lokalt verneombod og/eller hovudverneombod
Systematisk HMS-arbeid	Lukke alle HMS-avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå
<b>Mål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføring av helsetest av teknisk personell ved behov	Kommunalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Utarbeide internkontrollsystem for: - Informasjonssikkerheit, grunnlag for handsaming og risikovurdering	Personalsjef

## 2.4 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er avgjerande for at Kviteseid kommune skal makte å tilby alle dei tenestene som staten krev at ein kommune skal levere. Innafor samfunnsutvikling er samarbeidet svært viktig for at Vest-Telemark skal få lyfte fram sine utfordringar for regionale og statlege styresmakter. Revisjonar og erfaring frå budsjettprosessar viser at det er eit potensiale for å utvikle rutinar for å styre våre interkommunale selskap på ein betre måte.

**Mål:** *Medverke aktivt til å utvikle Kviteseid som eit livskraftig bygdesamfunn gjennom samhandling med dei andre kommunane. Etablere like system og rutinar i alle kommunane i regionen.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Delta aktivt i Vest-Telemarkrådet med tilhøyrande samarbeidsprosjekt innafor dei rammer som økonomiplan og handlingsprogram dreg opp for perioden</i>	<i>Gjennomførte prosjekt der Kviteseid deltek.</i>
<i>Gjennomføre prosjekt med felles IKT avdeling</i>	<i>Sak framlagt til kommunestyre .</i>
<i>Gjennomføre nye innkjøp av IKT-system i fellesskap i regionen.</i>	<i>Alle kommunane etablerer like system</i>

### 2.4.1 Tenestesamarbeidet

Tenestesamarbeidet er den del av samarbeidet som går direkte på utføring av lovpålagte tenester som barnevern, brannvern, renovasjon, pedagogisk psykologisk teneste, plankontor, landbrukskontor m.m. Få kommunar har så omfattande samarbeid som oss. Me har fått utvikla eit kvalitativt godt tilbod til innbyggjarane gjennom dette samarbeidet. På ei anna side er det krevjande å gje kommunestyret like god styringsinformasjon på desse områda som på dei fullkommunale tenestene. Arbeidet med å utvikle denne styringsdialogen blir derfor viktig.

**Mål:**

- *Vidareutvikle dei etablerte samarbeidsinstitusjonane med sikte på å gje eit godt lokalt tenestetilbod*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
---------------	--------------------------

<i>Utarbeide eigarskapsmeldingar for våre viktigaste selskap, også IKS (samarbeid med dei andre kommunane i regionen).</i>	<i>Eigarskapsmelding VTK vedteken i kommunestyret</i>
<i>Oppdatere selskapsavtalene for våre sentrale interkommunale selskap med sikte på å etablere god styringsdialog mellom primærkommune og selskap</i>	<i>Nye avtaler godkjent av kommunestyret.</i>

### **3. Budsjett 2017 – økonomiplan 2017 – 2020**

#### **3.1 Tekniske føresetnader**

Budsjettet 2017 byggjer på revidert budsjett frå september 2016, oppdaterte føresetnader, naudsynte konsekvensar, samt statsbudsjettet for 2017.

Alle opplysningar er oppdaterte pr 1. november, så langt råd er.

I boksen nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort.

- Kostnadsauken frå 2016 til 2017, ofte kalla deflatoren, er sett til 2,6 %. Han er sett saman av eit anslag på lønsvekst og prisvekst.
- Pensjonskostnaden for medlemmer i KLP er på 19,55 % (opp med 1,07% og pensjonskostnad for lærarar i SPK på 10,25 % (ned med 0,9%).
- Arbeidsgjevaravgifta er på 10,6 % slik som for 2016.
- Straumpris uendra i forhold til 2016
- Eit stabilt, låg rentenivå.

#### **3.2 Det generelle inntektsgrunnlaget**

Skatteinntangen i 2016 både nasjonalt og lokalt ser ut til å bli høgare enn opphavelag budsjettet. For 2017 er det budsjettet med ein skatteinntang på 60,57 mill kr. I økonomiplanen (2018 -2020) er det lagt inn en vekst i skatteinntekter under 1% som er i tråd med KS og Telemarksforskning sine berekningar.

Rammetilskotet slik det går fram av forslag til statsbudsjettet for 2017 med korreksjonar på grunnlag av auka skatteinntang i 2016, er lagt inn. Redusert innbyggjartal og endringar i kostnadsnøkkelen som ligg til grunn for fordeling av overføringane frå staten til kommunane, fører til at Kviteseid kommune kjem dårlegare ut i forhold til tidligare år.

Det er en betydelig svikt i eigedomsskatt frå kraftverk og i inntekter frå sal av konsesjonskraft frå 2017. I økonomiplanperioden er dette vidareført.

Rentenivået er framleis lågt, mens rentemargin (banken sitt påslag utover avtalt rente) har auka det siste året. Det er ingen signal om at rentenivået vil auke mykje i løpet av dei neste åra.



### **3.3 Konsekvensjustert budsjett**

Budsjettet er utarbeidd på den måten at det fyrst er gjort ein gjennomgang av budsjettet for alle einingane med sikte på å oppdatere tala til det kostnadsnivået som gjeld for 2016. Dette kallar me konsekvensjustert budsjett og det viser kva det kostar å vidareføre gjeldande driftsnivå. Det tyder at det er lagt inn reelle tal for ordinære driftskostnader og løn til dei stillingane som einingane disponerer. Det er dermed tal for faktisk lønsvekst som blir lagt inn og ikkje teoretisk berekna tal. I tillegg er det og lagt inn reelle tal for utgifter til ferieavvikling i dei døgnbaserte tenestene.

Dei tiltaka som rådmannen prioriterer er lagt inn og kjem fram einingsvis etter tiltaka frå gjeldande økonomiplan. Blant desse tiltaka er det og lagt inn aktive innsparingstiltak og korrigeringar i høve til nokon få men viktige nye tiltak.

Heilt til slutt i budsjettdokumentet kjem det fram tiltak som er lyfta fram, men som det ikkje er funne rom til innanfor ramma på driftsbudsjettet.

### **3.4 Investeringsbudsjettet**

I 2017 leggjast det opp til fleire investeringar enn dei to siste åra. Dette delvis pga at prosjekta pga personalmangel ikkje kunne gjennomførast. Det fører til eit relativ høgt investeringsnivå i 2017 og 2018 men lågare tall i 2019 og 2020. Dette førar med seg at avdrags- og rentekostnadar stiger utover økonomiplanperioden.

Investeringsbudsjettet for 2017 er finansiert med både låneopptak, tilskot, overføring frå drift, og bruk av fond. Momskompensasjon på investeringar er ført direkte som inntekt i investeringsbudsjettet.



Foto Peder Austrud

### **3.4.1 Investeringar i 2017 - 2020 jfr. økonomiplanen**

**Omsorgsbustader** – 21 mill. er satt av til 8 omsorgsbustader i 2017, prosjektet skal vera ferdigstilt i løpet av året.

**Fast dekke kommunal vegar** – 1 mill. til dette prosjektet i 2017 og 1 mill. kvart år fram til 2020.

**Skilting kommunale vegar** – 0,45 mill. , finansierast med 0,25 mill. frå næringsfond

**Asfaltering Midtsundåsen** – 0,375 mill.

**Kviteseid skule opprusting** – forprosjekt 0,3 mill. i 2017, 16 mill. avsetjast i 2018 for dette prosjektet.

**Ny traktor teknisk** – 1 mill., delvis finansiert med sal av den gamle traktoren for 0,3 mill.

**Saneringsplan Vrådal** – dette prosjektet er utsett fleire ganger og er nå tatt inn planen med 4,85 mill i 2017, 6,35 mill. i 2018 og 3,6 mill i 2019.

**Varmestyringssystem for kommunale bygg og polymeringsblandingsmaskin til VA** – til saman 0,27 mill.

**Ny vassledning Torsdalen –Granlivegen** – utsett tidlegare, satt av 1 mill.

**Sjøledning frå Kviteseid sentrum** – utsett tidlegare, 1,071 mill. i 2017

**Eigenkapital inskot i KLP** – berekna til 0,615 mill. i 2017 og framover

**Låneramma startlån** – 0,75 mill. i 2017 og framover

**Låneramma til investeringar** – i 2017 berekna til 16,145 mill og 2018 19,722 mill, i heile planperioden 2017-2020 er låneramma berekna til 42,019 mill.



Ny traktor -

### **3.5 Driftsbudsjettet**

#### Hovudtal

Revidert budsjett for 2016 hadde ei netto ramme på kr 153,2 mill. kr (2.revisjon) etter å ha blitt styrka gjennom året. Det budsjettet som nå blir lagt fram har ei netto ramme på 157,55 mill. kr. Det er særleg flyktningetenesten som medverka til auken, men det følgjer med betydelige tilskot som dei første åra overstiger kostnadene. Overskytande er foreslått avsett til fond.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter ligg på 1,31 i 2017.

#### Utfordringar for budsjettarbeidet

Også i 2017 ligg utfordringar i at utgifter stig i takt med prisstigning medan frie inntekter reduserast i takt med nedgangen i innbyggjartalet. Det som heldigvis har vore i utakt med denne utviklinga er at skatteinntekter i 2016 har auka betydelig. Vi kan ikkje rekne med tilsvarende auke i økonomiplanperioden.

Vedlagt stillingsoversikt viser at det vedtekne budsjettet for 2017 førar til ein liten auke i årsverk.

Det er framleis lite rom for større vedlikehaldsoppgåver på bygg, men ein prøver å bruke tilgjengeleg ressursar på best mogleg måte.

#### Finansiering av investeringane

Investeringane er i hovudsak finansiert etter følgjande prioritering:

- Inntekter som følgjer investeringane (Mva komp, spelemidlar, salsinntekter.)
- Låneoptak.
- Overføring frå drift.

#### Brukarbetalingar

På gebyr utanom teknisk drift er det lagt opp til ei auke i husleige på omsorgsbustadar som har stått stille sidan 2015. Andre endringar følgjer stort sett bare prisstigning og endringar av lovbestemte satsar. Når det gjeld vatn og avløp gjeld prinsippa om full brukarfinansiering. Gebyrsatsar for sjølvkostområde viser en nedgang for ein normalhushald knytt til kommunalt vann og avløp. Medan slamgebyret også i år stig p.g.a. opprydding frå tidlegare år.

### Utvikling i økonomiplanperioden

Inntektene aukar ikkje vesentlig. Innbyggjartalet har dei siste åra vist ein jamn nedgang. Denne utviklinga er lagt til grunn ved budsjettering i økonomiplanperioden. Låge straumprisar og låge rentekostnader er også ein trend som rådmannen har lagt til grunn for budsjettering i perioden. Gjeldsbelastninga for Kviteseid kommune er låg. Rådmannen ser difor moglegheit for å legge opp til eit meir ekspansivt investeringsbudsjett i planperioden enn dei siste åra. T.d. er det lagt inn ein omfattande opprusting av Kviteseid skule i 2018.

## **4. Politikk**

### **4.1 Politisk verksemd**

Tilrettelegging for god politisk styring av den kommunale verksemd er eit kontinuerleg fokusområde. Det gjeld også for dei interkommunale selskapa og tenestene.

I 2017 er målet at alle kommunestyremøte vert overført direkte på Web. Dette gjeld både bilde og lyd. For nokon kan dette bety at det vert meir skremmande å gå på talarstolen. For innbyggjarane gir dette høve til å delta meir aktivt i det som skjer i kommunestyresalen.

Politikarar har også behov for opplæring. Det skal gjennomførast opplæring i form av besøk frå interkommunale selskap og private bedrifter i løpet av året.





*Vi skal bli litt meir digitale enn vi er i dag..*



## 4.2 Rådmann og fellestenester

### Status og utfordringar

Kviteseid kommune har ein liten administrasjon. Få tilsette må løyse mange av dei same oppgåvene som i ein stor organisasjon. Det er ei krevjande utfordring, ikkje minst no når me i løpet av eit års tid har bytta ut nesten halvparten av dei kommunale leiarane. I tillegg til å yte tenester til kommunen sin eigne einingar leverar me økonomitenester både til PP-tenesta og kyrkja. Gode system og effektiv drift er naudsynt for å klare dette. Betre økonomistyring, oppgradering av IKT-systema og vidareutvikling HMS-systemet og andre personalrutinar blir viktig i året som kjem.

Nye arbeidsoppgåver innanfor arbeidet med flyktingar stiller krav til meir samhandling og nye rutinar innanfor fleir fagområde.

Mål: *Utvikle robuste og effektive støttetjenester til beste for innbyggjarar og tilsette slik at kommunen har ein effektiv og veldriven kommuneorganisasjon.*

### Handlingsplan:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Vidareutvikle gode rapporteringsrutiner internt og til politisk nivå</i>	<i>To tertialrapportar med rapportering både på økonomi og handlingsprogram. Rapport på gjennomførte tiltak i handlingsprogram</i>
<i>Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane</i>	<i>Opplæring gjennomført</i>
<i>Utvide og formalisere IKT samarbeidet med Tokke og Vinje kommune</i>	<i>Felles infrastruktur. Dokumentasjon av felles løysningar</i>
<i>Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse</i>	<i>Etablere eit fungerande IKT-system for skulen. Gjere helsetenestene i stand til å kommunisere elektronisk med andre</i>
<i>Fornye serverparken på IKT</i>	<i>Installert nye serverar</i>
<i>Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side</i>	<i>Utvikle den nye heimesida</i>
<i>Lage interne rutiner i samband med mottak av flyktingar</i>	<i>Nye rutiner er utarbeida</i>
<i>Busetjing av flyktingar</i>	<i>Buset flyktingar i tråd med flyktingplan</i>



Satsing på IT og nettverksbygging vert viktig i 2017.

## 5. Skule og barnehage

Skule og barnehage i Kviteseid leverer og organiserer desse tenestene:

- Barnehage 1-5 år
- Grunnskule for barn 6-16 år
- Kulturskule for barn 6-18 år (samt tilbod til vaksne dersom kapasitet)
- SFO for elevar i 1-4 klasse

### 5.1 Status og utfordringar i barnehage

Utfordring for Kviteseid kommune er folketalsutviklinga, med m.a. synkande barnetal. Særleg 2015 hadde eit lågt fødselstal på 14 barn. Slik ein kjenner til for 2016, vert fødselstalet 22 barn. For barnehagedrifta resulterte det synkande barnetalet i minkande søkjartal. Både Brunkeberg og Straumsnes barnehage reduserte på maksimum tal plassar frå hausten 2016, Brunkeberg frå 48 til 42, og Straumsnes frå 24 til 18.

Fakta om barnehagane for barnehageåret 2016-2017

Namn på eining	Tal barn	Plassar	Årsverk	Tal tilsette
<b>Kviteseid barnehage</b>	44	59	11,40	13
<b>Brunkeberg barnehage</b>	32 (33*)	42	8,10	11
<b>Straumsnes barnehage</b>	13 (12*)	18	4,35	7

\* frå desember 2016

Retten til spesialpedagogisk hjelp og retten til teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder er flytta frå opplæringsloven til Barnehagelova. Det inneber at fritak for foreldrebetaling for timar med spesialpedagogisk hjelp fell bort.

Endring i forskrift om barnehagebetaling, med reduksjon i høve inntekt er utvida til gjelde for 3-, 4,- og 5 åringar frå august 2016. Ordninga gir noko innverknad på brukarbetalinga.

### 5.2 Status og utfordringar i skulen

#### 5.2.1 Grunnskulen

Skulen merker nedgang i barnetalet. Talet på elevar i skulen sank frå 242 elevar hausten 2015 til 235 elevar hausten 2016. Etter at 5.-7. klasse på Straumsnes vart flytta ned til Kviteseid august 2016, har både Straumsnes og Brunkeberg oppvekstsenter skule for 1.-4. klasse. Det vert ein klasse mindre ved Kviteseid skule frå hausten 2017.

Med det IKT utstyret ein har i dag ved Kviteseidsskulane, finn ein store utfordringar i å nå målet om digital kompetanse i Kunnskapsløftet. Digital kompetanse er ein av fem grunnleggjande ferdighetar i skulen, og skal derfor arbeidast med i alle fag.

Kviteseid skule er nedslitt og treng ein oppgradering. Det er utfordringar med innelufta, støvproblematikk, isolering, stort straumforbruk. Ventilasjonsanlegget bør skiftast, skulekjøkkenet bør totalrenoverast, bygget bør isolert betre og vindauga skifta ut. I tillegg bør det elektriske anlegg oppgraderast, kombinert med kabling til alle klasserom for å få internett tilgang. I forprosjektet skal ein vurdere solceller som oppvarming- og ljøskjelde.

## 5.2.2 Kulturskulen

Kulturskulen sitt tilbud er innan områda musikk, dans og visuelt uttrykk. For å løyse alle oppgåver trengs det mykje ulik kompetanse, og derfor er det 8 tilsette som samla sett bare har ein stillingsressurs på 264%.

Kulturskulane i Vest Telemark har søkt om 100 000 kroner, og fått tilsagn om 50.000kr i utviklingsmidlar frå Norsk kulturskuleråd region BTV til eit utvida samarbeid med utgangspunkt i fagplanarbeidet og overføring til praksis. Ved å samle alle lærarane i kommunane, ynskjer ein å styrkje det faglege arbeidet, sikre kulturskulen sin kvalitet samt skape ei felles forståing kring kulturskulen si rolle i lokalsamfunnet.

## 5.2.3 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnsfag til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt på det. Kviteseid kjøper denne tenesta av Seljord kommune.

## 5.3 Felles handlingsplan 2017 – 2020:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Sosial kompetanse og arbeid mot mobbing</i>	<i>Barnehagane nyttar leiken som arena for barna sin sosiale utvikling. Alle skulane nyttar programmet «Zippys venner» for 1-4 klasse. Kviteseid skule nyttar programmet «Jenteprat», «Guteprat» og «Art». Tilsette i barnehage og skule får opplæring i «Innblikk» Utdanne to sosial ferdighetstrenanar (TIBIR)</i>
<i>Tidleg innsats</i>	<i>Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak. Alle barn i førskulealder får tilbud om kartlegging i KoPS.(Kognitiv Profil System) Styrking av lærartettleik på 1. – 4. trinn</i>
<i>Utnytte kapasiteten i barnehagane best mogleg</i>	<i>Samarbeid mellom barnehagane om plass til søkjarane sikrar eit godt tilbud til brukarane</i>
<i>Gode utviklings- og læringsmiljø</i>	<i>Gode rutine i dagleg verksemd i barnehagane Elevundersøkinga gjev høgare score enn 3,5 ( av 5) på læringskultur</i>
<i>Brukarmedverknad</i>	<i>Innan alle satsingsområda, er samarbeid mellom heim og barnehage/skule gjennomgåande tema.</i>
<i>Kviteseidsskulane i Utvikling</i>	<i>Skulane vidarefører arbeider med organisasjonsutvikling Skuleleiar gjennomfører skulevandring</i>
<i>Språk og språkutvikling Språkløyper, utviklingsarbeid</i>	<i>Gjennom nasjonal satsing for språk, lesing og skriving deltek alle barnehagane og skulane i kommunen</i>
<i>Læringsutbyte</i>	<i>Det vert lagt vekt på fagleg utbyte og meistring for alle elevane i Kviteseidsskulane Resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng syner at elevane ligg på same nivå eller høgare enn landsgjennomsnittet</i>
<i>Klasseleing og vurdering for læring i skulen</i>	<i>Resultat i elevundersøkinga haust 2017 syner at elevane gjev høgare score enn</i> <ul style="list-style-type: none"><li>- 4,3 (av 5) på felles reglar</li><li>- 4,4 (av 5) på Støtte frå lærar</li><li>- 3,9 (av 5) på Vurdering for læring</li></ul>
<i>Tilstandsrapport for skulen</i>	<i>Rapport er handsama i HOO innan oktober 2017</i>

<i>Samarbeidet mellom grunnskule og kulturskule</i>	<i>Halde fram med samarbeid mellom kulturskule og grunnskule gjennom utnytting av dei faglege ressursane som finst</i>
<i>IKT</i>	<i>Oppgraderer nettverk Auka pc-tettleik til elevane</i>
<i>System for kvalitetsvurdering av grunnskulen etter oppl. §13-10</i>	<i>System § 13-10 vert følgd opp i tråd med årshjulet</i>

## 5.4 Budsjettiltak

### Felles:

Oppgraderer til «Nye Oppad- Tieto» (Skule og barnehageadministrativt program)

### Barnehage

Maksimum tal plassar er for Kviteseid barnehage 59, for Brunkeberg 42 og for Straumsnes 18, der barn under 3 år tar opp to plassar. I tråd med synkande tal barnefødsjar i kommunen, vil det truleg bli mindre behov for plassar frå barnehageåret 2016/2017. Talet på søkjarar til opptaket neste barnehageår vil vere retningsgjevande for totalt behov for plassar.

### Skule

Redusere lærarressurs ved Kviteseid skule med 100% stilling frå 01.08.2017.

3 lærarar på vidareutdanning våren 2017. Frå hausten 2017: 5 lærarar på vidareutdanning.

Rektor ved Kviteseid skule tek Rektorutdanning.

Utdanne 2 sosiale ferdighetstreinarar (TIBIR)

Oppgraderer Kviteseid skule: ventilasjon, støvproblematikk, isolering m.m.

Forprosjekt på tilrettelegging for multifunksjonhemma elev.



Dårleg inneklime kan ha denne effekten.

## 6. Helse og omsorg

### Status og utfordringar

Helse og omsorg i Kviteseid gjev tenester på mange ulike nivå og til mange ulike brukargrupper. Samhandlingsreforma gjev oss stadig nye utfordringar når det gjeld pasientbehandling og oppfølging. Pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehuset, og me må utføre fleire kompliserte pleieoppgåver. I tillegg viser utviklinga i brukarsamansetjinga at fleire treng eit større tenestefang. For å møte desse utfordringane er det viktig å ha rett kompetanse på rett plass til rett tid, og ha ein kontinuitet i tenesta.

Kviteseid kommune har brukarar som krev bemanning 24 timar i døgnet. Dette krev store økonomiske ressursar. Noko av dette tilbodet kjøper Kviteseid kommune av private tilbydarar. Kostnaden ser ut til å bli om lag kr. 1,6 mill. i 2017. Det er tilsett ein prosjektleiar som jobbar med å få på plass eit utvida kommunalt tenestetilbod, og me reknar med at dette kjem på plass i løpet av 2017.

### 6.1 Handlingsplan for einingane

#### 6.1.1 Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O:

- Betre samhandling og nye samarbeidsformer for å sikre rett tiltak/teneste til rett tid
- Betre dokumentasjon og rapportering

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Utvikle betre overordna styring og rapporteringsrutinar på alle tenestene.</i>	<i>Minst 2 aktivitetsrapportar til hovudutvalet i 2016.</i>
<i>Vera aktivt med på samhandlingsarbeidet innan helse og omsorg i Vest-Telemark</i>	<i>Ny organisering av jordmortenesta Ny organisering av legevaktsamarbeidet</i>
<i>Oppfølging av planstrategi: Revisjon av Smittevernplan, Plan for sosial og helseberedskap</i>	<i>Planar ferdige i løpet av året.</i>
<i>Arbeide for at folkehelse blir eit prioritert område</i>	<i>Utarbeide plan for folkehelsearbeidet i kommunen. Tilsetje folkehelsekoordinator</i>

- Sikre likebehandling, rettstryggleik og profesjonell sakshandsaming for den einskilde søkjar av helse- og omsorgstenester
- Ha fokus på brukarmedverknad
- Medverke til betre ressursutnytting i sektoren
- Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid for personar med trong for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Starte arbeidet med å bygge opp eit kvalitetssystem</i>	<i>God kvalitetssikring av sakshandsaminga</i>
<i>Vurdere behovet for eit nytt dokumentasjonssystem for arbeidet med individuelle planar/koordinatorar</i>	<i>Betre og enklare samarbeid mellom fagområda. Auka brukarmedverknad</i>



<i>Arbeide for auka kompetanse innan sakshandsaming i tenestekontoret og koordinerande eining</i>	<i>Betre sakshandsaming og vedtak for den einkilde søker. Betre tverrfagleg samarbeid kring personar med langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester</i>
<i>Undervise einingane i helse- og omsorg i IPLOS-rapportering</i>	<i>Betre sakshandsaming og betre rapportering til sentrale styringsmakter</i>
<i>Starte arbeidet med kriterier for tildeling av tenester</i>	<i>Likebehandling av søkerane av tenester</i>
<i>Starte arbeidet med kompetanseheving og rettleiing av koordinatorane</i>	<i>God koordinering av tenestene til den einkilde brukar</i>

### 6.1.2 Hovudmål og tiltak for helsetenestene:

- Fremje god fysisk, psykisk og sosial helse
- Førebyggje sjukdom og skade

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Arbeide for styrking av det tverrfaglege samarbeidet innan dei ulike einingane og fagområda i helse- og omsorg</i>	<i>Betre og meir effektive tenester</i>
<i>Starte arbeidet med å revidere HMS- og kvalitetssystemet på alle fagområda</i>	<i>God kvalitetssikring og trygt arbeidsmiljø</i>
<i>Arbeide med systematisk kompetanseheving hjå dei tilsette. Meir praktisk trening</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenestene</i>
<i>Evaluere bruken av personalressursane og organiseringa av tenestene</i>	<i>Gode og effektive tenester. Rett kompetanse på rett plass</i>
<i>Ha eit godt arbeidsmiljø. Gjennomføre medarbeidersamtaler. Ha HMS i fokus i det daglege, og som eit fast tema på personalmøte</i>	<i>Lågt sjukefråvær relatert til jobb</i>

### 6.1.3 Hovudmål og tiltak KOS

- Bebuarane skal få tenester som tek omsyn til den einkilde sin rett til sjølvbestemming, eigenverd og livsførsel, og sikre at medisinske behov vert ivaretekne
- Bebuarane skal få eit mest mogeleg normalt liv, med normal døgnrytme og høve til å koma ut, og naudsynt hjelp til hygiene
- Bebuarane skal få eit variert og tilstrekkeleg kosthald og tilpassa hjelp ved måltidet

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Ha to kortidsplassar som m.a. skal brukast til:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Avlastning for pårørande med store omsorgsoppgåver, eller til opptrening etter t.d. lårhalsbrot</i></li> <li>• <i>Vurderingsopphald og til eventuelt å regulere medisinar og smerteevaluering</i></li> </ul>	<i>Pårørande med store omsorgsoppgåver skal få avlastning</i>  <i>Pasientar som treng vurderingsopphald skal få det</i>
<i>Arbeide med bemanningsplan/døgnrytmeplan</i>	<i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr Samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>

#### 6.1.4 Hovudmål og tiltak heimetenestene:

- Innbyggjarane skal få bu heime så lengje dei sjølve ynskjer det, og få eit fagleg individuelt tilpassa tenestetilbod
- Innbyggjarane skal få rett hjelp til rett tid og ei føreseieleg teneste med kvalitet og kontinuitet

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Fleksibel bruk av personalressursen i heimetenesta</i>	<i>Betre tenester og meir effektiv drift</i>
<i>Jobbe vidare med sikte på å skape betre dialog som grunnlag for trivsel og meistring. Oppfylging av OU-prosessen i 2013</i>	<i>Redusere sjukefråveret ned mot måla i IA-planen, og jobbe for eit stabilt lågare sjukefråver i tenesta</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr Samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>
<i>Vidareføre drift av dagtilbod for heimebuande personar med demens</i>	<i>Gjeva eit tilpassa tilbod til heimebuande personar med demens, som og er ei avlastning for pårørande</i>
<i>Arbeide med bemanningsplan/døgnrytmeplan</i>	<i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sitt behov</i>

#### 6.1.5 Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:

- Gjeva brukarane eit heilskepleg og individuelt tilrettelagd tenestetilbod
- Yte tenester med høg etisk og fagleg kompetanse

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjeva bustad med oppfylging til utviklingshemma som har trong for det</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i>
<i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i>
<i>Arbeide med bemanningsplan/døgnrytmeplan</i>	<i>Betre tilpassa kompetanse til brukarane sine behov</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette. M.a. bruke: Mitt livs ABC som inneheld tre delar, der del A. er: Dette må eg kunne – gode tenester til personar med utviklingshemming</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>

#### 6.1.6 Hovudmål og tiltak kjøken:

- Tilby variert mat av høg kvalitet tilpassa brukarane

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i>	<i>Meir effektiv drift</i>
<i>Jobbe vidare med organisering av kjøken og vaskeri. Ny arbeidsplan/bemanningsplan</i>	<i>Bruke ressursane betre og meir effektivt. Gjeva bebuarane på KOS betre service</i>
<i>Energisparing enøk, bevisst bruk av elektrisk utstyr</i>	<i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i>
<i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i>	<i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i>
<i>Dokumentere innhald av allergener i all type mat</i>	<i>Betre mattryggleik for personar med mataallergi/intoleranse</i>

## **6.2 Budsjettiltak**

### KOS:

Samhandlingsreforma har ført til at pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehus og øyeblikkeleg hjelp plassen på KOS vert nytta som eit alternativ til å leggje pasientar på sjukehus. Dette har ført til at pasientgruppa på KOS er sjukare og treng mykje meir behandling/fagleg oppfølging enn tidlegare. KOS har ei bemanning på dagtid med 3 tilsette på 12 pasientar på dagtid og 2 tilsett på 12 pasientar på kveld og helg. Dette er i utgangspunktet ei relativ låg bemanning, og sjukepleiebemanninga på kveld er kritisk låg. KOS har lagt fram eit ynskje om å styrke bemanninga på kveld med ei 80% sjukepleiestilling. Kommunestyret vedtok å styrke sjukepleiebemanninga på kveld med ei 0% stilling.

### Lundenjordet:

Eining for funksjonshemma har opplevd ein endring i brukarsamansetning med yngre brukarar som treng mykje meir oppfølging enn dei eldre brukarane. Dette har auka arbeidsbelastninga på eininga og på einingsleiar i stor grad. Eininga har trong for å jobbe meir med det vernepleiefaglege, noko som det i dag er for lite tid til då det meste av tida vert nytta til miljøarbeid. Lundenjordet har lagt fram eit ynskje om ei 20% stilling som vernepleiar for å kunne jobbe meir vernepleiefagleg utanom miljøarbeidet.

Rådmannen vurderar dette som eit viktig tiltak og har funne handlingsrom til å styrke vernepleiebemanninga med ei 20% stilling.

Lundenjordet har lagt fram eit ynskje om ei 20% merkantil stilling, som skal jobbe med rutinearbeid i sakshandsaming av tilsettingssaker, inn- og utmelding på løn osv, for å redusere eit særst stort arbeidspress på einingsleiar. Rådmannen vurderar dette som eit viktig tiltak og har funne handlingsrom til å styrke bemanninga med ei 10% merkantil stilling.

### Helse:

Helsestasjonen har gjennom år opplevd eit aukande arbeidspress grunna større etterspurnad etter tenesta. Me opplever at stadig fleire barn treng meir oppfølging, som i mange tilfelle løyser ut krav om individuelle planar og krav om koordinering av tenester. Mykje av dette tek helsestasjonen seg av, noko som fører til at det blir mindre tid til andre oppgåver. Det har gjennom nokre år, sidan 2014 vorte løyvd midlar frå staten til kommunane for å styrke helsestasjonane. Desse midlane er ikkje øyremerkte, og i Kviteseid har dette gjeve inn i den generelle drifta. Me meiner at det er viktig å jobbe med meir førebygging og legg difor opp til å styrkje helsestasjonen med 10% stilling.

## 7. Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalsamfunnet. Det femnar arbeid med å oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sikre god vassforsyning, ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde.

Det å legge forholda til rette for personar som ynskjer å flytte til Kviteseid, vite kva som er avgjerande for tilflytting, ha lokalkunnskap om arbeid og bustad for dei som ynskjer å flytte hit og stimulere til bustadbygging, er sentrale oppgåver for administrasjonen i Kviteseid kommune. Det er sjølvstekt ein føresetnad å ha eit robust næringsliv, varierte kulturtilbod, valfridom innan bustadmarknaden og god profilering av kommunen for å gjera kommunen attraktiv og for å rekruttere fleire innbyggjarar. Det arbeidet som blir gjort på dette området er difor eit viktig bidrag til å oppretthalde ein livskraftig kommune.

### 7.1 Samfunnsutvikling

#### Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Arbeidet med å gjera Kviteseid til ein meir attraktiv stad med aktiv næringsutvikling og stabil folketal, er og blir ei stor utfordring for kommunen som heilskap og for eining for samfunnsutvikling og teknisk drift spesielt. Ein stor og viktig del av arbeidet er å leggje til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemdar i kommunen.

Reiselivsnæringa som er viktig for Kviteseid, har framleis store utfordringar når det gjeld økonomi og marknad. Konkurransen er stor, og det er ei utfordring å nå ut i marknaden med dei lokale tilboda. Arbeidet med å samordne organiseringa av reiselivet nasjonalt og regionalt har teke tid. Kviteseid kommune og dei andre Vest-Telemark-kommunane er representert i fylkeskommunal arbeidsgruppe som har dette på dagsorden framover.

Det er jobba hardt med å få eit felles destinasjonsselskap «Visit Telemark». Målet med dette er at vi saman kan nå nye målgrupper som vil besøke Telemark. Arbeidet er inne i sluttfasen, men det er framleis usikkert korleis dette arbeidet ender.

Både innanfor næringsutvikling generelt og innanfor reiseliv spesielt går det føre seg eit tett samarbeid med jamlege møte mellom kommunane i regionen.

#### **Handlingsplan 2017:**

**Mål:** *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Revidere vedtektene for næringsfondet</i>	<i>Ferdige retningslinjer i 2017</i>
<i>Følgje opp vedteken strategisk næringsplan for Vest-Telemark og strategisk næringsplan for Kviteseid</i>	<i>Gjennomføre tiltaka i planane. Rapportere 1 gong pr. år</i>
<i>Halde fram arbeidet med Telemarkskanalen som regionalpark</i>	<i>Større trafikk på og ved kanalen i Kviteseid</i>
<i>Følgje opp arbeidet med det interkommunale turvegprosjektet Vandre Telemark</i>	<i>Miniguide for sentrumsnær tursti i Kviteseid ferdig i 2017</i>
<i>Revidere rusmiddelpolitisk handlingsplan</i>	<i>Plan ferdig 2017</i>
<i>Inngå avtale med Visit Telemark</i>	<i>Signert avtale</i>

### **Tiltak i det bunde næringsfondet og i det frie næringsfondet:**

Som det går fram av oversikten over næringsfondet (sjå eigen tabell i taldelen), har det etter kvart vorte ein del tiltak som ligg inne med faste løyvingar; slik det har vore tidlegare. I tillegg til ein del småsøknadar gjennom året blir dette ei omfattande tilskotspakke med relativt fragmentert samansetning.

Vi har tre næringsfond; fritt næringsfond, bunde næringsfond og fylkeskommunalt næringsfond.

### **Tiltak innanfor det fylkeskommunale næringsfondet:**

Det er signal om at det fylkeskommunale næringsfondet er usikkert pga innsparingar i Telemark fylkeskommune og varsla reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane i Statsbudsjettet. Telemarkskanalen regionalpark, heilårsdrift av turistinformasjonen i Vrådal og tilskot til M/S Fram er frå Kviteseid kommune prioritert i dette næringsfondet. I tillegg blir det sett av ein sum til bedriftstilskot etter søknad. Dersom dette fondet vert redusert, må ein sjå på andre alternative løysingar.

## **7.2 Kultur og frivilligsentral**

Kulturområdet vårt femnar om bibliotek og arbeid med utvikling og støtte til frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Forvaltingsoppgåver knytt til spelemidlar og kulturmidlar er viktige element i dette arbeidet. Det er ei utfordring å ha nok ressursar administrativt til å gjere eit etterspurt arbeid innan kulturfeltet. På kulturområdet har strategien vore å gje moderate økonomiske tilskot som støtte til lag og organisasjonar.

Vi har hatt avtale med Kviteseid IL om auka opningstider ettermiddags- og kveldstid i Kviteseidhallen på vilkår av at dei får tilskot frå kommunen. Dette har vore eit godt og populært tiltak som er med i 2017 og vidare i økonomiplanen med kr 100.000 pr år.

Frå 2017 har Kviteseid kommune fått midlar til å opprette frivilligsentral. Saman med frivillige lag og organisasjonar er vi einig om å tilsette frivilligkoordinator i kommunal regi. Det er stor tillit til at dette arbeidet skal munne ut i meir, og betre samordna frivillig arbeidet i Kviteseid kommune.

Kviteseid bygdetun har fått valt eit nytt styre frå 2016. Vest-Telemark Museum har etterlyst dette fleire gonger. Eit godt og tett samarbeid mellom lokalt styre og VTM er til det beste for Kviteseid og for regionen.

### **Handlingsplan 2016:**

**Mål:** *Kviteseid kommune skal gjennom aktiv støtte til lag og organisasjonar medverke til eit godt og variert kulturtilbod i kommunen.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement innan kultur så langt ressursane strekk til.</i>	<i>Aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar til å søkje om eksterne midlar.</i>	<ul style="list-style-type: none"><li><i>Kurs i samarbeid med VT-rådet.</i></li><li><i>Tilgang til "Tilskuddsportalen"</i></li></ul>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt. Mangfaldig kulturliv.</i>	<i>Handsame innkomne søknader</i>

<i>Saman med lag og organisasjonar gje dei eldre i kommunen gode kulturelle tilbod.</i>	<i>Søkje om tilskot via Den kulturelle spaserstokken</i>
<i>Opprette frivilligsentral</i>	<i>Tilsett frivilligkoordinator</i>
<i>Arbeid med webportalen for å legge betre til rette for publikum sin tilgang til bibliotekets bøker og egne lån</i>	<i>Auka servicenivå frå biblioteket</i>
<i>Ættesoga og gardssoga på nett</i>	<i>Starte arbeidet med nye retningslinjer for bruken av bygdesogefondet</i>

### **7.3 Teknisk drift**

#### **Status og utfordringar**

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og til egne driftseiningar.

Kommunale bygg og kommunale vegar har hatt for knappe ressursar gjennom mange år, slik at ein no slit med eit **stort** og **aukande etterslep** når det gjeld **vedlikehald**. Konsekvensane er at det blir dyrare når ein må gjere noko.

Vedlikehaldsbudsjettet krev strenge prioriteringar når det gjeld bruk av midlar, og det er difor vanskeleg å tilfredstille brukarane sine forventningar i alle samanhengar. Klimaendringane kan gje store utfordringar på vegar og anlegg. Det er difor ei viktig og prioritert oppgåve å gjere jamlege og førebyggjande tiltak, og kommunen må ha vegar som toler nedbørsintensiteten og nedbørsmengda framover. Fast dekke på kommunale vegar er eit mål framover. Asfaltprogrammet er lagt inn i investeringsbudsjettet frå 2017. dette skal gje asfalt på prioriterte strekkingar som svært gjerne skulle hatt asfaltdekke.

Midlane til kjøp av traktor og kantslått maskin, vert ståande på investeringsbudsjettet, men vert ikkje nytta før det ligg føre ein vedlikehaldsplan for kommunale vegar.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt.

Det er ei overgangsordning for forskriftskravet om utdanning av deltidsbrannpersonell. Varigheita av denne ordninga vil bli vurdert i samheng med handsaminga av NOU 2012: 8 *Ny utdanning for nye utfordringar – Helhetlig utdanningsmodell for fremtidig personell i brannvesenet.*

Ei utfordring for oss er å gje tilbod om kurs til røykdykkarane våre. VT Brannvesen prøver å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkarane i Vest-Telemark i tillegg til at røykdykkarane må til Grenland på øving om lag annankvart år.

Det vert halde fram med å leggje til rette for å auke utdanninga av deltidsbrannpersonell som er født etter 1.4.1958 (det såkalla grunnkurset). I statsbudsjettet er det forslag om overføring av pengar til dette. Der det er interkommunalt samarbeid om brannvesen slik som i Vest-Telemark, blir pengane fordelt til vertskommunen. Det vert lagt til grunn at vertskommunane syter for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.



## Handlingsplan 2017

**Mål:** Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2017	Prosjekt ferdige
Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg	Utnytte vedlikehaldsbudsjettet for 2017
Utarbeide eit opplegg for å marknadsføre ledige tomter på kommunen si heimeside	Synleggjere oppdaterte opplysningar om ledige tomter på kommunen si heimeside
Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet	Fylgje opp og lukke avvika
Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.	Heva kompetanse for brannmannskapa
Følgje opp føresegnene for vatn og avløp	Nye abonnentar
Delta i offentleg forskning og utviklingsprosjekt med NC-Spectrum AS innan tema sikring av kritisk infrastruktur og VA i Kviteseid kommune	Oppnå: <ul style="list-style-type: none"><li>• sikker kommunikasjon/nettilgang og tilgangskontroll for prosessnettet til VA</li><li>• betre overvaking og kontroll av anlegget</li><li>• betre informasjonstryggleik</li></ul>
Iverksette tiltak for å kartfeste kommunale ledningsnett	Kjøp av utstyr, og ta dette i bruk
Sak om privatisering av kommunale vegar	Sak handsama i kommunestyret
Utarbeide vedlikehaldsplan for vegar og bruer	Plan godkjent i hovudutvalet

## 7.4 Interkommunalt landbrukskontor

### Status og utfordringar

Matproduksjon har fått auka merksemd nasjonalt og globalt. Signala er at matproduksjonen skal aukast. Samtidig er det færre hender som arbeider i landbruket, og talet på aktive bruk går ned.

Utfordringa for landbrukskontoret er å ha ressursar til utviklingsarbeid i tillegg til å utføre kontrollar, planar og sakshandsaming, som vert kravd frå andre offentlege etatar og er lovpålagt.

Signala frå Landbruks- og matdepartementet om at kommunane i sterkare grad må følgje forskrifta om eit berekraftig skogbruk, står ved lag også i 2017. Det gjeld særleg oppfølging av foryngingsplikta etter hogst. Landbrukskontoret held fram å vere aktiv deltakar i EU sitt vassdirektiv gjennom arbeid i vassområda våre.

### Delmål for planperioden:

Gjeldande landbruksplan har desse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samtidig som ein tek vare på miljøet, matjorda og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.

- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing, næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse, som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Fast ajourhald av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaksamanheng i samarbeid med plankontoret, Fylkesmannen og Institutt for skog og landskap	Oppdatert kartverk. Betre sakshandsaming
Halde fram med skogbruksplanlegging for Kviteseid. Sikre stor nok rentemiddelbeholdning	Kor stor del av skogarealet som får utarbeidd plan
Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta, og følgje opp aktiv ungskogpleie som godt skogskjøtseltiltak.	Tal gjennomførte kontrollar i 2017
Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Hovudsak å finne eigna fagperson til faghjelp i samarbeid med AT skog	Auka skogkulturaktivitet
Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre	Oppfølginga av den vedtekne tiltaksplanen
Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret Følgje opp vedteken hjorteviltplan	Oppdaterte areal- og eigarlistar. Rådyr- og bevervald leggast inn i hjorteviltregisteret
Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for ajourhald av register	Gjennomgang innan 2017
Følgje opp vedteken landbruksplan for perioden 2014-2017. Oppfylging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding	Gjennomført tiltaksdel i perioden



## 8. Interkommunale einingar og NAV

### 8.1 NAV

#### Status og utfordringar

NAV Kviteseid er bemanna med 2,8 stillingar på statleg side, der 0,5 er finansiert av kommunen og 1,4 på kommunal side. I tillegg er det 100% leiarstilling som er delfinansierte mellom stat 60% og kommune 40%.

Sosialtenesta i kommunen brukar mindre pengar pr innbyggjar enn gjennomsnitt for landet og fylket men er på nivå med resten av regionen.

På kommunal side er den største utfordringa å få færre innbyggjarar som er/blir avhengig av sosialstønad, og å få ned tidsperioden den enkelte er avhengig av denne.

I løpet av 2016 vart 0,6 årsverk flytta frå NAV til tenestekontoret. Saman med stillinga vert og deler av dei kommunale oppgåve flytta til andre ansvar.

#### Handlingsplan:

**Mål 1:** Tilby betre service til arbeidsgjevarar/næringslivet ift rekruttering, informasjon, oppfølging av sjukemeldte m.m., og finne betre løysingar for innbyggjarar som vil ha behov for arbeidspraksis.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Ha kontakt med minst 10 lokale bedrifter pr mnd. for utveksling av informasjon	Tal på bedriftskontakter pr månad. Resultat synleg i statistikk
Raskt tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har meldt behov for arbeidskraft	Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk

**Mål 2:** Medverke til raske og gode avklaringar og løysingar for innbyggjarar med sjukemelding eller arbeidsavklaringspengar.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Avtale møte for avklaring og opplæring av nye legar ved legekantoret	Ny lege skal ha hatt møte med NAV innan 2 veker etter oppstart.
Avtale faste samarbeidsmøte med legene ved legekantore.,	Skal ha gjennomført samarbeidsmøte før utgangen av juni og utgangen av året.
Arbeide for at spesialisthelsetenesta, spes. DPS, deltek på dialogmøte i enkelsaker	DPS er representert i avklaringsmøte der psykiatri er viktig grunn til sjukemelding.

**Mål 3:** Arbeide for å gjere innbyggjarar mindre avhengig av sosialstønad, spes. ungdom.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
God oppfølging av brukarar som ikkje har arbeid eller går på statleg støtteordning.	Utbetalt sosialstønad i 2016 skal vera mindre enn nivået for same periode i 2015.
Minke tidsperioden den enkelte er avhengig av sosialstønad.	Jamføre kvar månad med same periode i 2016

## 8.2 Interkommunalt plankontor


### Status og utfordringar:

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innom arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Hovudutfordringane også i 2017 vil vere å sikre søkarane føreseielege vilkår ved å halde dei lovpålagte fristane i saksbehandling innom desse forvaltingsoppgåvene, samstundes som kontoret skal vere ein medspelar i overordna planprosessar rundt arealforvaltning og generell samfunnsutvikling.

### Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan- oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunen sitt hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfølging og kontroll av gitte utsleppsløyve for avlaupsvatn.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Rullere arealdelen til kommuneplanen</i>	<i>Samfunnsdel ferdig i 2017, oppstart av arealdelen</i>
<i>Ferdigstille digitalt planregister</i>	<i>Innsynsløysing klar til allmenn bruk</i>
<i>Fullføre adresseringa av kommunen</i>	<i>Alle bustader/hytter er tildelt matrikeladresse</i>
<i>Yte god service gjennom rask og god sakshandsaming</i>	<i>Ingen brot på lovfaste fristar</i>
<i>Gjennomføre infomøte for priv. aktørar innom byggesak</i>	<i>Eitt infomøte i vårhalvåret</i>
<i>Gjennomføre tilsyn i byggesaker</i>	<i>Minst tre tilsyn gjennomført</i>
<i>Kontroll av utsleppsløyve</i>	<i>Minst eitt objekt kontrollert</i>



Ny arealplan er eit viktig satsingsområde i 2017-2018

### **8.3 Barnevern**

*Barnevernet skal vera ein garanti for at utsette barn og unge får omsorg, tryggleik og gode utviklingsmoglegheiter.*

#### **Status og utfordringar.**

Frå 2014 blei det presisert i barnevernlova § 1-4 at tenester og tiltak etter lova skal vera forsvarleg. Kva som er forsvarleg vil bli utleda av kva som er best praksis.

Barnevernet sitt arbeid har fått mykje fokus på landsbasis. Dette medfører at både myndighetar og vi sjølve stiller store krav til å bygge/auke kompetansen og dokumentere arbeidet vårt på ein forsvarleg måte.

Dei siste to åra har det vore auke i melde saker der det er mistanke om at barn har vore utsett for vald og/eller overgrep eller dei har vore vitne til vald. Dette er saker som er både tid- og ressurskrevjande. Det krev og at politi og barnevern har gode samarbeidsrutinar.

Det er eit mål at foreldre skal gje barna sine god nok omsorg. Mange foreldre treng omfattande oppfølging for at situasjonen skal vera god nok. Det er eit mål å koma tidleg inn med hjelpetiltak før situasjonar blir for krevjande. Både helsesystem, jordmor og tilsette i barnehage er viktige for å fange opp utfordringar og gje foreldre oppfølging tidleg og om mogleg kunne gjera til at foreldre ikkje treng hjelp frå barnevernet.

Barn som barnevernet overtar omsorga for og plasserer i fosterheim har ofte levd med store belastningar i det daglege, noko som gjev mange utfordringar for fosterforeldre. Dette krev mykje ressursar for å fylgje dei opp på ein god måte som sikrar dei ei betre utvikling enn dei hadde i opprinneleg omsorgsbasis. Sjølv om barnevernet skal søke i slekt og nettverk om nokon kan ta vare på barnet, må vi mange gonger søke Bufetat om fosterheim. Barn kan bli lenge i ein uforsvarleg situasjon fordi Bufetat ikkje klarer å skaffe egna fosterheimar. Når barnet er plassert må vi sikre at både barn, fosterforeldre og biologisk foreldre får den oppfølginga som lova krev og som trengs slik at plasseringa kan føre til ein stabil og trygg omsorgssituasjon til beste for det enkelte barnet.

På slutten av 2015 og i første halvdel av 2016 var det ein auke i førespurnadar i høve busetting av einsleg mindreårige asylsøkjjarar. Dette gjaldt både plasseringar i slekt og nettverk og plasseringar av einsleg mindreårige asylsøkjjarar i ordinære fosterheimar. Det såg ut til at dette kunne bli eit område som ville krevje mykje frå barnevernet.

Barnevernsamarbeidet har hatt enkelte plasseringar, men vi har ikkje fått den auke i denne typen plasseringar som det såg ut til å bli.

Auke i ressurskrevjande oppgåver medfører at vi må jobbe smartare for å oppfylle krava i barnevernlova. Dette har hatt fokus i 2016 og må halde fram i 2017. Vi ser og at det er viktig å ha fokus på kjerneoppgåvene i barnevernlova, slik at dei barna og familiane som har mest bruk for hjelp får den hjelpa dei har behov for.

Det er eit auka fokus på brukarmedverknad i barnevernet. Vi ser på dette som svært viktig og vektlegg at også barna og ungdomane si stemme kjem tydeleg til uttrykk i kvar enkelt sak. Vi vil i 2017 auke dette fokuset ytterlegare, slik at vi i kvar enkelt sak kan vere sikre på det barnet saka gjeld er høyrte og har komme fram med sine synspunkt. Ved å vektlegge kva barna og ungdomane sjølve seier, vil vi i større grad kunne vere sikre på at dei tiltak og den hjelp kvar enkelt familie får er til hjelp i ein utfordrande omsorgssituasjon.

**Handlingsplan:**

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatmål</b>
<i>Barnevernsamarbeidet skal oppfylle lova sitt krav om Å gje ei forsvarleg teneste til barn og unge og familiare deira.</i>	<i>95% av undersøkingane innan 3 mnd 90% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan 90% skal fylle krav til evaluering 100 % av barn under omsorg skal ha omsorgsplan 100% av alle fosterbarn skal ha minimum 2 eller 4 Oppfølgingsbesøk 100% av alle fosterbarn skal ha minimum 2 eller 4 tilsynsbesøk.</i>
<i>Ha fokus på brukarmedverknad og barnas stemme i kvar enkelt sak.</i>	<i>Tri tilsette gjennomfører opplæring i barnesamtalen, som er ein av fleire metodar vi brukar i samtaler med barn og ungdom. Dette gjer vi for å ha betre kompetanse til å snakke med barna og ungdomane i dei krevjande sakene. Alle tilsette i barnevernsamarbeidet skal få opplæring i Familieråd. Familieråd er ein metode til bruk i beslutningsprosessen i ein barnevernsak. Familie nettverket er ein vesentleg aktør i når vi nyttar familieråd.</i>

Milepæl for å oppfylle lova sitt krav til tverrfagleg samarbeid blir lagt inn i årshjulet for Barnevernsamarbeidet.

**Tiltak administrasjon Barnevernsamarbeidet.**

Så lenge talet på stillingar ikkje blir redusert har vi signal på at statleg finansiering av to stillingar fortset. 20% stilling sekretær blir framleis halde vakant. Utover dette er det lagt inn ordinær lønsauke. Nivået på overtid vil halde fram. Situasjonen er framleis at vi har mange barn som blir fylgt til barnehuset i Sandefjord for tilrettelagde avhør i vald- og overgrepssaker, fleire barn/ungdomar er plassert i institusjon eller fosterheim utanfor Vest Telemark, i akuttsaker blir vi sjeldan ferdig innanfor ordinær arbeidstid og saker som blir behandla i fylkesnemnda skjer i Skien og går ofte utover ordinær arbeidstida. Dette mefører at overtid ikkje er til å unngå dersom barnevernet skal løyse oppgåvene sine. Ofte blir det løyst ved at timane blir avspasert og tillegget utbetalt, men det er og ei grense på kor mykje fleksitid ein kan opparbeide seg.

Barnevernsamarbeidet har i dag kontorlokale som er uforsvarleg i høve til sikkerhet. Vi sit heilt ubeskytta og utan kontroll på kven som kan gå inn på dei ulike kontora. Frå nyttår flyttar vi inn i helsehuset til Kviteseid. Lokala blir renovera og tilpassa dei behov barnevernet har. Når vi er på plass i nye lokal vil vi ha lokal som er forsvarlege i høve dei tilsette sin sikkerhet. Vi vil og ha lokal som er tilrettelagt for det arbeider vi driv i dag. Vi tenker og at dette er lokal som er tilrettelagt for framtida til barnevernsamarbeidet. Det blir i tillegg til kontor samtale rom, møterom og familierom som kan nyttas til observasjonar av familiar eller samvær mellom foreldre og barn.



### **Tiltak i familien Kviteseid kommune**

Inneverande år har fleire familiar motteke hjelp frå barnevernet. Nokon av familiane har hatt behov for omfattande tiltak i familien for å hindre plasseringar. Vi har saker der barn har opplevd vald, overgrep eller foreldre som rusar seg. Vi har og barn ungdom og foreldre som har omfattande utfordringar i høve psykisk helse. Dersom ein ikkje får til tilfredsstillande endringar i omsorgssituasjonen kan eit alternativ vera å gje foreldre og barn opphald i foreldre/barn-institusjon, dette kostar kr 66 900 pr. mnd for ein foreldre og eit barn.

### **Tiltak utanfor familien Kviteseid kommune**

Kviteseid kommune har fram til 2015 hatt låge utgifter til tiltak. Dei siste åra har kommunen fått fleire tiltak og fosterheimsplasseringar. Kommunen sin eigendel ved plassering i fosterheim er kr 31 500 pr. mnd. utgifter utover dette søker vi refundert frå Bufetat. To av fosterheimane er forsterka. Kommunen opplever at Bufetat har stramma inn i høve refusjon noko som har ført til at barnevernet har fått auka utgifter i høve fosterheimar.

Det kan og vere situasjonar i høve barn eller ungdom som i ein akutt situasjon må bu utanfor familien. Vi må da nokon gonger nytte beredskapsheim eller akutt institusjon for ungdom. I inneverande år har vi hatt ungdom plassera i akuttinstitusjon. Det er og sannsynleg at vi må nytte dette tiltaket inn i 2017. Institusjonsplasseringar kostar kr 66 900 pr mnd.

I haust la barnevernlovutvalget fram si utgreiing. Det ser her ut som det kan bli vesentlege endringar i høve oppgåvefordeling mellom stat og kommune. Dette vil kunne få konsekvensar for arbeidet til barnevernet. Det kan og føre til endringar i høve til kva vi vil kunne søke om bistand til og økonomisk refusjon for.



## 9. Kyrkja

Budsjettet for kyrkja i 2017 er noko lågare enn det Fellestrådet ber om.

Fellestrådet ber om ei auke i ramme på ca 5%. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det ei auke på ca 3%. Dette er høgare enn veksten i statsbudsjettet.

Det er i budsjettet for 2017 satt av 300.000,- til brannvarslingsanlegg, og reparaasjon av blyglass/verneglass. Total kostnad for denne investeringa er 425.000,-, men Kyrkja sjølv finansierer 125.000,-.

Kyrkja har lagt fram eit omfattande investeringsprogram. Ønskja frå kyrkja ligg inne i investeringsbudsjettet, men det er signalisert at tiltaka i slutten av perioden kan bli tatt ut.

For administrasjonen er det vanskeleg å ta stilling til prioritering av desse tiltaka både seg i mellom og i høve til andre kommunale tiltak.



*Foto: Kviteseid kyrkje*

## 10. Kommunale avgifter og brukarbetaling

### 10.1 Gebyr på VAR-området

VAR-området inneheld tenestene vassforsyning, avløp, renovasjon og slam (septikktankar mv). Kommunen sine totale gebyrinntekter på VAR-området er ca 16 mill kr. Til grunn for prisinga av dei kommunale tenestene ligg:

- Kommunestyrevedtak om at kommunen skal ha 100% sjølvkostdekning på desse områda kvar for seg. 100% sjølvkost er pålagt i lov for renovasjon. Ureinaren skal betale. For dei andre tenestene er det høve til å subsidiere, men det er ikkje lov å ha kommunal fortjeneste ettersom dette er monopoltenester. Men ein kan sjå 3-5 år i samanheng for å hindre for store svingingar. Hjelpemiddelet er å sette av til sjølvkostfond i dei åra der inntektene er høgare enn utgiftene og bruke fondet i andre år
- For vassforsyning og avløp er kommunen sine utgifter delt i to bolkar: Kapitalutgifter (kalkulerte renter og avskrivningar) og driftsutgifter. Kommunen sine føresegner inneber at **kapitalutgiftene** skal dekkast av **abonnementsgebyra** og **driftsutgiftene** av **forbruksgebyra**
- Alle tenestene, så nær som tilsynsgebyret for eldstader, er momsbelagde. I dette avsnittet nemner vi alle tal ekskl mva

#### Gebyrutviklinga historisk.

I mange år var vi i ein vinn-vinn situasjon der utbygging av hytteområde med kommunal infrastruktur utløyste mange titals nye kundar kvart år. Dermed blei det fleire og fleire som var med og betalte for leidningsnett. I det seinare har talet på nye hytter blitt vesentleg redusert. Vi har derfor ikkje den same inntektsauken frå år til år som tidlegare.

Ein viktig faktor bak gebyrutviklinga er det låge rentenivået. Ei renteauka på ei prosentening vil innebere ca 300 kr i gebyrauke per abonnent.

#### **Kort gjennomgang av dei ulike områda.**

##### Brannførebygging.

Gebyra består av eit feiegebyr og eit tilsynsgebyr.

Driftsutgiftene er i 2017-budsjettet til ca 0,82 mill kr. Vi utfører ikkje denne tenesta sjølv, men kjøper ho av Vest-Telemark brannvesen. m pipetalet i Kviteseid.

Underskot frå tidligare år må vi ta att i 2017-2020. Budsjett frå Vest-Telemark Brannvesen viser en reduksjon av utgifter, slik at gebyr for 2017 går betydeleg ned.

Art	2016	2017	% endring
Feiegebyr	Kr 252,00	Kr 194,00	-23,0%
Tilsynsgebyr	Kr 547,00	Kr 421,00	-23,0%

##### Vassforsyning.

P.g.a. ekstraordinær vedlikehald blei driftsutgiftene høgare enn opphaveleg budsjettert i 2016 Dette førar til auka gebyrsatsar i 2017. Driftsutgifter 2017 er budsjettert med 2,6 mill. og kapitalkostnadar med 1,7 mill.

Gebyreendringa blir derfor slik:

<b>Art</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% endring</b>
Abonnementsgebyr	Kr 1 184,57	Kr 1 219,00	+2,9 %
Forbruksgebyr per kbm	Kr 13,24	Kr 14,91	+12,6 %
Målarleige (liten)	Kr 250	250 kr	0 %
Tilknytingsgebyr	Kr 10 000	10 000 kr	0 %

### **Avløp.**

Driftsutgiftene er i 2017 budsjettet til ca. 3,7 mill. kr og kapitalutgiftene er ca. 1,47 mill. kr.

Gebyreendringa blir derfor slik:

<b>Art</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% endring</b>
Abonnementsgebyr	Kr 1 407,75	Kr 1 175,00	-16,5 %
Forbruksgebyr per kbm	Kr 27,32	Kr 25,51	-6,6 %
Tilknytingsgebyr	Kr 10 000	Kr 10 000	0 %

### **Renovasjon.**

Driftsutgiftene er i 2017 budsjettet til ca 4,2 mill kr. Vi utfører ikkje denne tenesta sjølv, men kjøper tenesta av Renovest.

Gebyreendringa blir slik:

<b>Art</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% endring</b>
Døme standardabonnement	Kr 2 370,40	Kr 2407,00	+ 1,5 %

### **Slam.**


Driftsutgiftene er i 2017 budsjettet til ca 1,2 mill kr. Vi utfører ikkje denne tenesta sjølv, men kjøper ho av Renovest. Ekstrakostnad vedr. slutthandsaming av eldre slam utgår frå 2018.

Dette vil medføre en reduksjon av avgifta frå 2018


<b>Art</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% endring</b>
Grunnpris årleg tøming	Kr 2 487,94	Kr 2 873,94	15,0 %

## Oppsummering.


Dette viser at den totale gebyrbelastninga for en hushald i Kviteseid knytta til kommunal vass og avløp vil gå ned med 3,19 % frå 2016 til 2017. Føljande tabellar visar utviklinga av gebyrsatsar fram til 2021 (med dagens føresetnader):



### Kostnads- og inntektsfordeling - Renovasjon




### Kostnads- og inntektsfordeling - Feiing






### Normalgebyr ekskl. mva.



### Normalgebyr inkl. mva.



## **10.2 Andre avgifter og brukarbetalingar**

### **Husleiger**

Den siste husleige auke for omsorgsbustadene var i 2015. Ein foreslår difor å auke med 4,5 % som er litt mindre enn konsumprisstigning i same perioden.

### **Pleie- og omsorg**

Den lovbestemte maksimalsatsen for dei som har inntekt mellom 0-2G som mottak heimetenester aukar frå 190 til 200 kr. Det blir gjort framlegg om å nytte den maksimale satsen. Eigenbetaling for heimetenester(inkl. heimevaktmeister, personleg brukarstyrt assistent) pr. time opp frå 250 til 255 kr. For dei med inntekt mellom 2-3G auka satsen for heimhjelp med kr 40 til 1490 kr. Prisar for tryggleiksalarm auka til 265 kr frå 260 kr.

Prisane på mat frå kjøkkenet vert justert opp (ikkje auka i 2016) med prisstigningsindeks.

### **Skule og barnehage**

Det er lagt opp til små endringar i brukarbetalingane i 2017 (jmf prisliste). Matpengane i barnehage og SFO er foreslått auka frå 15 til 17 kr.

### **Kulturskulen**

Ingen auke i prisen

### **Skjenkeavgifter**


Skjenkeavgifter er ikkje vært endra på fleire år. Det er difor foreslått ei auke på kr 100,- på både ambulerande skjenkeløyve, etablerarprøve og kunnskapsprøve.

### **Plankontoret.**

Sjå eigen sak på dette.



## 11. Fond og gjeld



Resultatsdisponering frå 2015 førar til en gode auke i disposisjonsfond i 2016. Bundne fond auka mest p.g.a. tilskot til flyktningararbeid som ikkje er disponert og difor avsett til fond. Næringsfond for bruk av konsesjonskraftinntekter (en del av ubundne fond) lider under en nedgang i inntekter for sal av konsesjonskraft, difor er det mindre pengar til direkte næringsstøtte.

Budsjettet legg opp til at lånegjelda aukar frå 103,3 mill. i 2016 til 130,7 mill kr. i løpet økonomiplanperioden. Det ligg likevel usikkerheit omkring nivået utover i perioden p.g.a. at deler av planlagte investeringar bare baserer seg på prisoverslag.

### Lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar og form.lån)

2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
104 152	102 065	103 362	103 637	115 639	130 585	130 665

Tabellen viser utviklinga i lånegjelda. Oversikten visar auken i gjelda i takt med planlagte investeringar særlig i 2017 og 2018.

## 12. Stillingar

Stillingsoversikt årsverk - Kommunestyrevedtak												
	2004	2007	2011	2014	2015	2016 - Arena	Tiltak	2016	2017 Arena	Tiltak	31.12.2017	
Politisk verksemd	1,6	1,6	1,6	1,6	1,5	1,5		1,5	1,4		1,4	
Rådmann	2,65	2,5	3	2,8	2,4	2,2	1,0	3,2	4,0		4,0	
Fellestene	5,92	7,12	6,6	6,95	6,95	6,6	-	6,6	6,6		6,6	
Barnevern	12,3	12,3	12,3	14,1	14,1	14,5		14,5	14,1		14,1	
Adm Helse og omsorg	2,85	1,7	1,6	1,5	1,5	1,5		1,5	1,0		1,0	
Tenestekontor									2,1		2,1	
Kviteseid omsorgssenter	26,99	25,7	31,19	31,55	32,65	32,22		32,2	31,7	0,7	32,4	
Heimetenestene	19,33	20,39	21,88	24,34	23,91	22,6	-0,2	22,4	22,6	1,4	24,0	
Kjøken	3,74	3,74	3,74	3,74	3,74	3,74		3,7	3,7		3,7	
Funksjonshemma	13,34	13,37	20,38	19,72	19,32	21,48		21,5	21,5	0,3	21,8	
Helsesenter	11,65	11,45	14,4	15,95	15,08	15,08		15,1	16,3	0,1	16,4	
Anna undervisning	6,32	4,83	6,79	6,31	6,31	5,93		5,9	5,7		5,7	
Kviteseid skule	33,34	26,03	29,14	31,78	31,56	30,94	-	30,9	30,8	-1,0	29,8	
Straumsnes oppvekstsenter, Vrødal	8,78	9,39	9,98	11,37	11,37	10,38	-1,3	9,1	8,0	-0,4	7,6	
Brunkeberg oppvekstsenter	11,6	10,6	12,34	13,55	13,55	12,76		12,8	12,2		12,2	
Kviteseid barnehage	9,36	8,2	11,05	11,7	11,6	11,4		11,4	11,4		11,4	
NAV (Tidl. Sosiale tenester)	3	2,1	2,6	2,5	2,5	2		2,0	1,4		1,4	
Samfunnsutvikling og teknisk drift 2*	25,36	25,77	26,98	27,85	27,85	25,73		25,7	24,3	0,5	24,8	
Lærling				1	1	1		1,0	1,0		2,0	
<b>Totalt</b>	<b>200,8</b>	<b>187,62</b>	<b>215,57</b>	<b>228,31</b>	<b>226,89</b>	<b>221,56</b>	<b>-0,50</b>	<b>221,06</b>	<b>219,57</b>	<b>2,60</b>	<b>222,17</b>	

## **13. Kommunestyret sitt budsjettvedtak**

### **1. Handlingsprogram og økonomiplan**

Handlingsprogram for 2017 og økonomiplan 2017-2020, med vedlegg (taldel) skal leggjast til grunn for Kviteseid kommune si verksemd i perioden.

### **2. Sjølvkostområde**

Kviteseid kommune skal ha 100 % kostnadsdekning for inneværande og framtidige år. Vedtaket gjelder følgjande områder: vann, avløp og feiing. Områder slamtømming og renovasjon er regulert av gjeldande lovverk.

### **2. Gebyr, avgifter brukarbetaling**

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med tabellar i taldelen av budsjettframlegget. Gebyr knytt til saker etter plan- og bygningslova og delingslova blir vedteke i eiga sak som følgjer budsjettet.

### **3. Inntektsramme for drifta**

Driftsbudsjettet for 2017 vert vedteke slik det går fram av skjema 1 A og 1 B

### **4. Fordeling av utgifter mellom einingane.**

Einingane sine driftsrammer går fram av skjema 1B.

### **5. Stillingar**

Med utgangspunkt i driftsrammene til einingane slik dei kjem fram i skjema 1 B blir det samla for kommunen godkjent ei stillingsramme på 219,57 årsverk 01.01.2017 og 222,17 årsverk pr. 31.12.2017

### **6. Investeringar.**

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2017 i tråd med tabellane 2a og 2b i budsjettframlegget.

### **7. Låneopptak**

Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån på inn til 16.895 mill kr i 2017, inkludert startlån.

### **8. Eigedomsskatt**

For skatteåret 2017 blir det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk for heile kommunen med ein sats på 7 promille av takstverdien *jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav c.*

## **14. Vedlegg**

Taldel til budsjettframlegget med diverse tabellar og økonomiske oversyn slik det går fram av innhaldslista til dette vedlegget.